

i Eksamen i EXPHIL03 våren 2021 – sjølvstudiumsvarianten

Du skal svare på både "Vite og vere" (del I) og "Gjere"(del II).

Tips og triks:

- Du treng ikkje tenke på å lagre det du skriv. Inspira autolagrar kvart 15. sekund og kvar gong du byter frå ein del av oppgåva til ein annan.
- Du kan velje målform øvst i høgre hjørne.
- Øvst til venstre ser du kor mykje tid det er att på eksamen.
- Du kan auke storleiken på skrivevinduet ved å trykke på ikonet med fire piler over vindauget. Du set han tilbake ved å trykke på same ikonet ein gong til.

Formelle krav til oppgavesvaret:

Oppgavesvaret du leverer skal vere ditt eige, sjølvstendige arbeid, og eit resultat av eiga læring og arbeidsinnsats. Difor: Ikkje "klipp og lim", bruk hovudsakleg dine eige ord, og ikkje samarbeid med andre kandidatar medan eksamen går føre seg.

Det er viktig at du set deg inn i reglane for sitat- og

kjeldebruk: <https://www.hf.uio.no/studier/ressurser/kilder/index.html>.

På korte digitale heimeeksamenar (2-6 timar) er det ikkje krav om litteraturliste på slutten av oppgavesvaret. Dersom du brukar andre sitt materiale i oppgavesvaret ditt utan å opplyse om dette, kan det bli rekna som fusk eller forsøk på fusk. Fusk kan få alvorlege konsekvensar for deg som student. For meir informasjon sjå <https://www.uio.no/studier/eksamen/kildebruk/>

Generelt:

- Plagiatkontroll: Alle oppgavesvar blir elektronisk kontrollert for plagiat mot tekstar på nett og mot oppgavesvara til andre studentar, både for dette semesteret og tidlegare semester. Tekst som viser seg å vere kopiert frå andre stader kan føre til mistanke om fusk/forsøk på fusk, med mogleg alvorlege konsekvensar for deg som student.
- Prøva har automatisk innlevering når eksamenstida er omme. Om du etter å ha byrja på eksamen likevel ikkje vil levere oppgavesvaret, må du trekkje deg frå eksamen eller slette alt du har gjort i oppgavesvaret. Trykk på ikonet øvst i høgre hjørne for å få opp valget "Eg vil trekkje meg".

Om du har tekniske problem, ring instituttet på 22 84 45 99. Du finner ei nyttig nettside med spørsmål og svar om gjennomføring av eksamen i Inspira her:

<https://www.uio.no/studier/eksamen/innlevering/sporsmal-og-svar-eksamen.html>

Dersom du har faglege spørsmål til oppgåva, kan du kontakte faglærar:

Ingvild Torsen, tlf. 22 85 78 50 (tilgjengeleg kl. 9-12)

Panos Dimas, tlf. 450 66 434 (tilgjengeleg kl. 9-14)

Lukke til på eksamen!

1 Del 1: Vite og vere

Du skal svare på anten oppgåve 1 eller oppgåve 2. Skriv kva for oppgåve du svarer på.

1. Du skal svare på både a og b

a) Kva meiner Aristoteles er ein substans og kva er årsakene han meiner er naudsynt å vise til for å kunne forklare ein substans? Illustrer gjerne med eit døme korleis kvar av desse årsakene bidreg til forklaringa av ein særskild substans.









b) Kva er innhaldet i Aristoteles sitt teleologiske verdssyn, og kva er grunngjevinga hans for det?


2. Du skal svare på både a og b

a) Kva er skilnaden mellom vitenskap og pseudovitenskap? Korleis skil Imre Lakatos mellom desse?

b) Forklar kva Lakatos meiner er skilnaden mellom «forskningsprogram» og einstilte teoriar og kvifor dei førstnemnde er meir til å stole på enn dei sistnemnde.

Skriv svaret ditt her...

Format | **B** | *I* | U | x_2 | x^2 | I_x |  |  |  |  |  |  | Ω |  |  | Σ |



Words: 0

Maks poeng: 0

2 Del 2: Gjere

Du skal svare på anten oppgåve 3 eller oppgåve 4. Skriv kva for oppgåve du svarer på.

3. Du skal svare på både a og b.

a) Drøft om ein persons motiv (vilje) for ei handling er relevant for om handlinga er moralsk rett eller gal. Trekk inn minst to tekster frå pensum i svaret.











b) Drøft om det alltid er moralsk gale å bryte eit løfte. Trekk inn minst to tekster frå pensum i svaret.


4. Du skal svare på både a og b.

a) Gjer greie for synet til Locke på mennesket i naturtilstanden

b) Drøft synet til Locke på mennesket i naturtilstanden i lys av kritikken til Held av teorien om samfunnskontrakten.

Skriv svaret ditt her...

Format | **B** | *I* | U | x_2 | x^2 | I_x |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |



Words: 0

Maks poeng: 0